

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 21.11.2018  
**SAKSHANDSAMAR:** Ivar Eriksen  
**SAKA GJELD:** **Orientering om Riksrevisjonen sin kontroll med forvaltning av statlege selskap for 2017**

**ARKIVSAK:** 2017/1219  
**STYRESAK:** 141/18

**STYREMØTE:** 11.12. 2018

---

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Styret tek saka til orientering. Styret ber om at forslag til tiltak frå riksrevisjonen blir følgt opp, og at helseføretaka i føretaksgruppa blir pålagt å følgje opp tiltaka gjennom oppdrag gitt i styringsdokumentet for 2019.

## Oppsummering

Riksrevisjonen har lagt fram sin rapport om kontroll med forvaltninga av statlege selskap for 2017. Riksrevisjonen sin kontroll med forvaltninga av statlege selskap tek opp fleire forhold der det blir peika på behov for meir aktiv oppfølging.

## Fakta

Riksrevisjonen har overlevert Dokument 3:2 (2018-2019) *Riksrevisjonens kontroll med forvaltning av statlige selskaper – 2017*. Formålet med kontrollen er å vurdere om forvaltninga av staten sine interesser er i samsvar med Stortinget sine vedtak og føresetnader.

Riksrevisjonen sin kontroll for 2017 har omfatta i alt 110 selskap; 51 heileigde aksjeselskap, 32 deleigde aksjeselskap, eitt ansvarleg selskap med delt ansvar, 7 allmennaksjeselskap, 8 statsføretak, 4 regionale helseføretak og 7 selskap som er organisert ved særskilt lov, medrekna eitt særlovselskap som omfattar 14 studentsamskipnader.

Kontrollen for 2017 har omfatta seks saksforhold:

- Godtgjering til styret og dagleg leiar i statleg heileigde selskap
- Internkontroll og rutinar ved handtering av innsideinformasjon
- Helseføretaka si bruk av legeressursar
- Helse Sør-Aust si gjennomføring av det regionale radiologiprogrammet RIS/PACS
- Styra si oppfølging av kvalitet og pasienttryggleik i spesialisthelsetenesta
- Lønsemd og kostnadseffektivitet i Avinor AS

## Kommentarar

For saksforholdet knytt til helseføretaka sin bruk av legeressursar tilrår Riksrevisjonen at:

- helseføretaka
  - sørgjer for at styringssystema fungerer slik at leiarar på ulike nivå kan planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere drifta på ein måte som fremmer effektiv bruk av legeressursane,
  - arbeider for at støtteverktøya blir meir tilpassa legene sin kliniske kvardag,
  - følgjer opp at dei kliniske einingane har lang nok planleggingshorisont,
  - følgjer opp at dei kliniske einingane set i verk tiltak for å prioritere dei riktige pasientane, slik at ein kan frigjere legeressursar til pasientar med større behov,
  - legg til rette for at leiarar som arbeidar klinisk, får tilstrekkeleg administrativ støtte
- dei regionale helseføretaka hjelper helseføretaka både med å sikre at leiarar på ulike nivå har brukarvenlege hjelpemidlar og oppdatert og relevant styringsinformasjon, og at legene får støtteverktøy som er meir tilpassa den kliniske kvardagen
- Helse- og omsorgsdepartementet og dei regionale helseføretaka held fram arbeidet med å redusere unødvendig venting for pasientar og held fram arbeidet med å redusere uønska variasjon i effektivitet og kapasitetsutnytting i drifta.

På området styra si oppfølging av kvalitet og pasienttryggleik i spesialisthelsetenesta er Riksrevisjonen sine tilrådingar at:

- styra i dei regionale helseføretaka og helseføretaka som del av sitt tilsynsansvar
  - ber om relevant informasjon om kvalitetsutfordringar i det einskilde føretak og om dei tiltak som blir sett i verk gir ønska effekt
  - ber om samanlikningar med andre føretak og sørgjer for å lære av dei beste – både i og utanfor offentleg helsesektor – for å bidra til kvalitetsforbetring
  - ser til at styringssystemet, inkludert risikostyringa, fungerer i tråd med det som er tenkt bidreg til kvalitetsforbetring av tenesta
- Helse- og omsorgsdepartementet og dei regionale helseføretaka sørgjer for at styremedlemmene får nødvendig opplæring i risikostyring, slik at styret har føresetnader for å kunne vurdere om risikostyringsprosessen er egna til å identifisere dei reelle utfordringane i føretaket
- Helse- og omsorgsdepartementet og dei regionale helseføretaka evaluerer prosessen med val av styremedlemmer og vurderer kva tiltak som kan bidra til at styra samla sett får ein kompetanse som står i forhold til utfordringane i kvart føretak.

## **Konklusjon**

Helse Vest RHF vil følge opp funna frå rapporten og nytte desse i løpande forbetningsarbeid.

Det vil også vere aktuelt å omtale oppfølging av Riksrevisjonen sin rapport i styringsdokumenta til helseføretaka for 2019.

Vedlegg

Riksrevisjonens kontroll med forvaltningen av statlige selskaper – 2017

